

**SKODJE KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

**MØTEINNKLING**

24.05.2012

Kopi til: Ordføraren  
Revisor  
Rådmann

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I SKODJE KONTROLLUTVAL**

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**tirsdag, 29.05.2012 kl. 17.00 på**  
**Skodje Rådhus**

**SAKLISTE:**

- Sak 12/12 - Godkjenning av møtebok frå møte 7. mai 2012  
" 13/12 - Rådmannens manglende samarbeidsvilje med kontrollutvalet  
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Vigdis T. Bye  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
SKODJE KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 7. mai 2012, kl. 16.00

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Dag Loe Olsen

Elles til stades:, Grete Dalhaug Berg, Magnar Flaate, Jon Ola Røstad og varamedlem Svein A. Skoheim.

= **5 voterande**

Vigdis T. Bye hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.  
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Ei tilleggsak vart innmeldt til eventuelt.

**SAK 09/12  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 19. APRIL 2012**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 19. april 2012 blir godkjent.

**SAK 10/12 ÅRSMELDING 2011 – SKODJE KOMMUNE**

Innstilling datert 04.05.2012 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet tek årsmelding 2011 for Skodje kommune til orientering.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek årsmelding 2011 for Skodje kommune til orientering
2. Kontrollutvalet viser til årsmeldinga der det går fram at ein i større grad vil fokusere på tenestekvaliteten. Dette for å sikre intensjonen om mål- og resultatstyring i Skodje kommune.

Årsmeldinga bør ut i frå dette utviklast vidare slik at den blir eit styringsdokument i kommunen sitt arbeid med heilskapleg styring og kontroll av den kommunale verksemda.

**SAK 11/12**  
**KOMMUNEREKNESKAPEN 2011 – SKODJE KOMMUNE**

Innstilling datert 04.05.2012 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sin samråystes uttale:**

1. Skodje kommune sin rekneskap for 2011 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet viser til etterhaldet i melding frå revisor, der det går fram at det innan enkelte driftseiningar ligg føre vesentlege overskridinger i forhold til vedteke budsjett.

Kontrollutvalet vil peike på at årsbudsjettet er bindande for rådmannen, jf kommunelova § 47, nr 1. Skjer det endringar i løpet av budsjettåret som har innverknad på årsbudsjettet sine føresetnader, skal rådmannen straks gje melding om dette til kommunestyret, slik at kommunestyret kan gjere nødvendige endringar for å kunne gjennopprette budsjettbalanse.

3. Kontrollutvalet vil peike på kommunelova sitt grunnleggjande krav om at årsbudsjettet skal vere realistisk. Med vising til punkt 2 ovanfor, kan ikkje kontrollutvalet sjå at realismekravet har vore ivaretake i 2011.

Dag Loe Olsen fung. leiar (sign.)	Grete Dalhaug Berg medlem (sign.)	Magnar Flaate medlem (sign.)	Jon Ola Røstad medlem (sign.)	Svein A. Skoheim vara medlem (sign.)
---	---	------------------------------------	-------------------------------------	--

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Dato: 25.05.2012

Kontrollutvalet  
I Skodje kommune

**SAK 13/12  
RÅDMANNENS MANGLANDE SAMARBEIDSVILJE MED  
KONTROLLUTVALET**

Som vedlegg følgjer:

- Kontrollutvalsak 08/12
- Brev av 19.04.2012 til rådmannen i Skodje kommune

***Bakgrunn***

Skodje kontrollutval har over 3 valperiodar opplevd manglande vilje frå rådmann Kjell Bjørdal til å samarbeide med kontrollutvalet. Dette har kome til uttrykk i ei rad einskildsaker, som føyer seg inn i same mønsteret. Han har på fleire område nekta å amerkjenne kontrollutvalet sin lovfesta posisjon etter kommunelova.

I tidlegare valperiodar var det store problem med å få svar frå rådmannen på spørsmål som kontrollutvalet i møte reiste gjennom sine vedtak. Kontrollutvalet vart også nekta dokumentinnsyn. Kontrollutvalet har innsynsrett i alle dokument uavhengig av teieplikt.

Mykje av tida til kontrollutvalet over dei siste valperiodane har gått med til å avklare spørsmål i høve til rådmannen, og svara har etter vår vurdering ikkje vore tilfredstilande, men ufullstendige. Situasjonen har vore uhaldbar for alle kontrollutvala og dette har dei gitt uttrykk for i møta.

***KU sitt vedtak i sak 08/12***

Kontrollutvalet handsama i sak 08/12 den 19. april 2012, ei sak som gjaldt rolleavklaring vedkomande kontrollutvalsekretariat og revisjon. Bakgrunnen for saka var at Skodje kommunestyre i samband med handsaming av budsjett for 2012 (K-sak 79/11) gjorde vedtak om at rådmannen skulle få fullmakt til å vurdere alternative løysingar for kontrollutvalsekretariat og revisjon. Det ligg ikkje føre noko saksutgreiing frå rådmannen utover ei formulering i budsjett dokumentet. I tråd med rådmannen si innstilling vedtok kommunestyret dette punktet i budsjettvedtaket med 11 mot 10 røyster.

Det er eit viktig prinsipp at den som er underlagt tilsyn og kontroll sjølv sagt ikkje er den som skal innstille eller initiere overfor kommunestyret korleis tilsyn- og kontrollordninga skal vere organisert. Det er det rimeleg å forvente at ein rådmann med lang erfaring er kjend med dette prinsippet.

Rådmannen var involvert i ei tilsvarende sak i 2007 - som i ettertid vart belyst av kontrollutvalet - der det i samsvar med lova vart slått fast at det er kontrollutvalet sjølv og ingen andre som har innstillingsrett overfor kommunestyret i slike saker. Det framstår uheldig når same rådmann gjer same feilen ein gong til, og det utan å rádføre seg med eller kommunisere med det organet som er tillagt mynde på dette området - kontrollutvalet. Rådmannen neglisjerer med dette reglar han på bakgrunn av tidlegare erfaring må kjenne til, og forsømmer si rettleatingsplikt overfor kommunestyret.

Retten til å komme med innstilling i slike saker ligg til kontrollutvalet. Dette går fram av kommunelova § 78 nr. 3 og kontrollutvalforskrifta § 16. Etter kommunelova § 23 er det rådmannen si plikt å sørge for at alle saker som vert lagt fram for politisk behandling er forsvarleg utgreidd. Dette heng også saman med rådmannen si generelle rettleatingsplikt overfor kommunestyret. Rådmannen må ha vore klar over lov- og regelbrota i denne saka. Som nemnt vart dette uttrykkeleg klarlagt i 2007, då det også vart starta opp same type prosess frå rådmannen si side utan at kontrollutvalet skulle bli involvert.

Det blir også vist til ein tolkingsuttale frå KRD i 2005 slår fast at kontrollutvalet har ein eimerett til å gje innstilling til kommunestyret i slike saker. Dette inneber at andre organ ikkje har høve til å gje innstilling, korkje på vegne av kontrollutvalet eller for eigen del. Kontrollutvalet sin innstillingsrett betyr også at ein ikkje kan leggje opp til at eit anna kommunalt organ førebur behandlinga for kommunestyret. Med andre ord har ikkje kommunestyret høve til å gje rådmannen fullmakt til å vurdere alternative løysingar for Skodje kommune. Dette er noko rådmannen visste, eller burde vite, og som kommunestyret skulle vorte gjort merksam på.

Fullmakta til rådmannen som er lagt inn i budsjettvedtaket for 2012 er i strid med KL § 78 nr. 3. Fullmakta må reknast som ugyldig på grunn av sakshandsamingsfeil, jf fvl. § 41.

Under handsaming av sak 08/12 gjorde kontrollutvalet slikt vedtak:

*«Rådmannen blir bedt, innan 25.04.2012, å bekrefte at han er kjent med at han ikkje har innstillingsrett i slike saker».*

Kontrollutvalet sitt vedtak vart følgt opp med brev til rådmannen datert 19. april 2012, der rådmannen vart bedt om å stadfeste at han er kjent med at han ikkje har innstillingsrett i slike saker. Kontrollutvalet har stilt eit enkelt spørsmål til rådmannen, som burde vere særskilt å svare på.

Manglande svar på denne skriftlege førespurnaden frå kontrollutvalet er bakgrunn for den saka som no ligg føre.

### ***Rådmannen sitt arbeid med å vurdere alternative løysingar for tilsyn og kontroll, og manglande svar på skriftleg henvending frå kontrollutvalet.***

Rådmannen har engasjert eit privat selskap i arbeidet med å vurdere alternative løysingar for tilsyn- og kontrolltenestene i Skodje kommune. Slik vi har forstått det er det tidlegare økonomisjef i Skodje kommune som utfører arbeidet. Etter kommunelova har ikkje rådmannen høve til å engasjere nokon i slikt arbeid. Det ligg til kontrollutvalsekretariatet å gjøre dette arbeidet, og i den grad nokon har høve til å engasjere andre, så skal det skje på vegne av kontrollutvalet og ikkje rådmannen. Det er rimeleg å anta at det likevel som eit

minimum må liggje føre eit gyldig vedtak i kontrollutvalet, og eller kommunestyret, om eit slikt engasjement.

I oppfølginga av vedtaket i sak 08/12 har kontrollutvalsekretariatet purra på svar frå rådmannen. Rådmannen opplyser at han ikkje vil svare før han får avvikle eit møte med leiar i kontrollutvalet. Sekretariatet har også bedt om å få seg førelagt dokumenta som er utarbeidd av det private selskapet, som er laga på oppdrag frå rådmannen. Svaret frå rådmannen er det same. Han vil ikkje gi dokumentinnsyn før han får avvikle eit møte med leiar i kontrollutvalet. I lys av kontrollutvalet sin generelle innsyns- og undersøkingsrett i Skodje kommune, er dette ikkje akseptabelt. Det er kontrollutvalet som kollegium som har den lovbestemte rolla, ikkje einskildmedlemmar. Kravet er derfor at rådmannen møter kontrollutvalet som kollegium.

Det kan ikkje vere slik at ein tenestemann kan diktere spelereglane overfor dei folkevalde. Leiar i kontrollutvalet har krevd at rådmannen møter kontrollutvalet i møte slik at han får høve til å framføre sine synspunkt der.

Ein rådmann må innrette seg etter dei instruksar som blir gitt av eit overordna organ. Dersom so ikkje skjer, er det å sjå på som ein ordnekt. Eit pålegg om å svare kontrollutvalet, er med andre ord noko rådmannen må finne seg i. Det same gjeld møteplikta etter innkalling.

Rådmannen i Skodje kommune har etter vår vurdering nekta å underordne seg styringsretten frå arbeidsgjevaren, som er representert ved det organet som utfører sine kontrollhandlingar på vegne av kommunestyret. Etter arbeidsavtalen har rådmannen ei lojalitetsplikt. Han pliktar å opptre i samsvar med arbeidsgjevaren sine interesser og lojalt fremje desse. Eit sentralt element i lojalitetsplikta er at rådmannen må opptre redeleg og ordentleg og respektere at styringsretten ligg hjå kommunestyret og det organet som kommunestyret har utpeika. Rådmannen har ikkje fått noko pålegg som er særleg vanskeleg eller byrdefullt å utføre.

Rådmannen sin handlemåte undergrev legitimiteten til kontroll- og tilsynsfunksjonen i Skodje kommune.

På bakgrunn av forholda nemnt ovanfor legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

#### **v e d t a k :**

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 19.04.2012

**SAK 08/12  
ROLLEAVKLARING VEDKOMANDE REVISJON OG  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT**

I budsjettdokumentet for 2012 som er utgangspunktet for kommunestyresak 79/11 den 13.12.2011 går det fram at rådmannen ønskjer:

*... mandat til å sjå på kontrollutval og sekretariat, om dette er tenester som ein kan kjøpe rimeligare i marknaden.*

Med bakgrunn i dette fremma rådmannen ei slik innstilling i punkt 5:

*Skodje kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å vurdere alternative løysingar for følgjande tenester:*

- *Revisjon*
- *Kontrollutvalssekretariat*

Kommunestyret vedtok rådmannen si innstilling med 11 mot 10 røyster.

Det ligg ikkje føre noko saksutgreiing frå rådmannen utover ei formulering i budsjettdokumentet. Når han vel å legge fram ei sak, skal saka etter kommunelova § 23 vere forsvarleg utgreidd. Det blir også vist til rådmannen si rettleiingsplikt overfor kommunestyret i saker han vel å legge fram jf også det forholdet at det i 2007 også vart starta opp same type prosess utan at kontrollutvalet skulle bli involvert.

I alle høve skal rådmannen ikkje ha ei rolle i slike saker då dette er kontrollutvalet si oppgåve og arbeidsfelt. Retten til å komme med innstilling i slike saker ligg til kontrollutvalet. Dette går fram av kommunelova § 78 nr. 3 og kontrollutvalforskrifta § 16.

Ein tolkingsuttale frå KRD i 2005 slår fast at kontrollutvalet har ein eimerett til å gje innstilling til kommunestyret i slike saker. Dette inneber at andre organ ikkje har høve til å gje innstilling, korkje på vegne av kontrollutvalet eller for eigen del. Kontrollutvalet sin innstillingsrett betyr også at ein ikkje kan leggje opp til at eit anna kommunalt organ føreburr behandlinga for kommunestyret. Med andre ord har ikkje kommunestyret høve til å gje rådmannen fullmakt til å vurdere alternative løysingar for Skodje kommune.

Kontrollutvalet bør presisere dette for rådmannen i eit eige brev, og be han bekrefte at han er kjent med at han ikkje har innstillingsrett i slike saker.

På bakgrunn av ovanståande blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**vedtak:**

Rådmannen blir bedt, innan 25.04.2012, å bekrefte at han er kjent med at han ikkje har innstillingsrett i slike saker.

Harald Rogne  
dagleg leiar



## SUNNMØRE KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Vår dato:  
19.04.2012  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
Dykkar referanse:

Skodje kommune  
Rådmannen

6260 Skodje

### Rolleavklaring vedkomande revisjon og kontrollutvalsekretariat

Det blir vist til vedlagte saksutgreiing til kontrollutvalet i sak 08/12. Kontrollutvalet gjorde i denne saka slikt samrøystes vedtak:

Rådmannen blir bedt, innan 25.04.2012, å bekrefte at han er kjent med at han ikke har innstillingsrett i slike saker.

Med bakgrunn i dette ber eg om at skriftleg svar blir gitt innan fristen

Med helsing

Harald Rogne  
dagleg leiar